

Barnesongar på nynorsk

SMÅBARNSAVDELING, DEL 1

God morgon alle saman

Frå *Syng sjøl* (omsett til nynorsk av G. Johnsen, Selja forlag 2004)

Trad.

God morgon, alle saman.
God morgon, far og mor.
God morgon, vesle søster.
God morgon, store bror.
God morgon, tre og blomar.
God morgon, fuglar små.
God morgon, kjære lyse sol
på himlen klår og blå, hei – hå!

Killebukkane

Trad.

Alle killebukkane på haugane sprang,
spurde om /namn/ var heime.
Mamma til /namn/ ho svara nei,
og alle killebukkane dei vart så lei'.

Alle killebukkane på haugane sprang,
spurde om /namn/ var heime.
Mamma til /namn/ ho svara ja,
og alle killebukkane dei vart så glad'.



Fingrane

Trad.

Tommelfinger, tommelfinger, kor er du?
Her er eg, her er eg, god dag, god dag, god dag.

Peikefinger, peikefinger, kor er du?
Her er eg, her er eg, god dag, god dag, god dag.

Langfinger, langfinger, kor er du?
Her er eg, her er eg, god dag, god dag, god dag.

Ringfinger, ringfinger, kor er du?
Her er eg, her er eg, god dag, god dag, god dag.

Veslefinger, veslefinger, kor er du?
Her er eg, her er eg, god dag, god dag, god dag.

Heile handa, heile handa, kor er du?
Her er eg, her er eg, god dag, god dag, god dag.



Vesle Petter edderkopp

Frå *Song for deg og meg* (O. Nordstoga (red.), Samlaget 2014)

Tekst: R.S. Jacobsen, mel.: trad.

Vesle Petter edderkopp, han klatra på min hatt.
Så tok det til å regne, og Petter ned han datt.
Så kom sola og lyste på min hatt.
Då blei det liv i Petterkopp som klatra på min hatt.

Hoppe, sa gåsa

Regle, trad.

Hoppe, sa gåsa.
Danse, sa reven.
Så hoppar vi, så dansar vi,
Så set vi oss på huk:
Ein, to, tre!

Bake, bake kake

Trad.

Bake, bake kake til mamma kjem.
Rulle, rulle, rulle, rulle rundt omkring.
Prikke, prikke, prikke med peikefinger,
og høgt oppi lufta og ned igjen!

Litle Hasse hare

Trad.

Litle Hasse hare har ei humle på sin nase.
Litle Hasse hare har ei humle på sin nase.
Litle Hasse hare har ei humle på sin nase,
og vips så var ho vekk!

... på sitt hovud, sitt kinn, sin munn, rygg, fot osb.



Hokus og pokus

Teksten finn du i *Soria Moria ABC*

<https://www.nb.no/items/a708dcbdb8f66cafc277c55e49a4e0b4?page=33>



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA